

Møteprotokoll

| | |
|------------------|----------------------|
| Utval: | Finansutvalet |
| Møtestad: | Digitalt møte |
| Dato: | 19.11.2020 |
| Tid: | 09:00- 13:15 |

Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------------|-----------|---------------|
| Jon Askeland | Leiar | SP |
| Aleksander Øren Heen | Medlem | SP |
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Arve Helle | Medlem | A |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A |
| Natalia Antonia Golis | Nestleiar | MDG |
| Marthe Hammer | Medlem | SV |
| Trude Brosvik | Medlem | KRF |
| Alfred Jens Bjørlo | Medlem | V |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Noralv Distad | Medlem | H |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H |
| Knut Inge Andersen | Medlem | FNB |
| Morten Klementsens | Medlem | UA |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | FRP |

I tillegg var invitert og møtte: Stian J. O. Davies (leiar hovudutval for kultur, idrett og integrering), Tor Andre Ljosland (leiar hovudutval for næring), Karianne Torvanger (leiar hovudutval for opplæring og kompetanse), Jannicke Bergesen Clarke (leiar hovudutval for samferdsel og mobilitet) og Terje Kollbotn (møtte i gruppeleiar for R, Jeanette Syversen, sin stad)

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann |
| Ingrid Holm Svendsen | Fylkesdirektør organisasjon og økonomi |
| Paal Fosdal | Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering |
| Bjørn Lyngedal | Fylkesdirektør opplæring og kompetanse |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling |
| Per Morten Ekerhovd | Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport |
| Dina Lefdal | Fylkesdirektør infrastruktur og veg |
| Bertil Søfteland | Leiar politisk sekretariat |
| Petter Lem Gullestad | Spesialrådgjevar/møtesekretær |

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhold | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|---|------------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 12/20 | Godkjenning innkalling og sakliste | | |
| GK 13/20 | Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 29.10.20 | 2019/65 | |
| | Spørsmål | | |
| SI 11/20 | Spørsmål frå Brosvik (KrF) - om fiskerihamner | 2020/52204 | |
| SI 12/20 | Spørsmål frå Hammer (SV) - ny tenstepensjonsordning og budsjettframlegget | 2020/52204 | |
| SI 13/20 | Spørsmål frå Hammer (SV) - billettkontrollør | 2020/52204 | |
| SI 14/20 | Spørsmål frå Bjørkly (H) - spørsmål til andre løyvinger i budsjettokumentet | 2020/52204 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 12/20 | Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20 | 2020/75517 | |

Godkjenningssaker

GK 12/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 13/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 29.10.20

Møteprotokoll frå møte 29.10.2020 vart godkjend utan merknader.

Spørsmål

SI 11/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - om fiskerihamner

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

«Etter kva eg skjønar har det blitt gjort ei presisering av kva som er overført til fylka og kva som framleis blir finansiert frå staten/ er staten sitt ansvar når det gjeld fiskerihamner mm. Eg får det forklart med at det som er på "havsida" (farleier mm) ligg att hos staten og må prioriterast gjennom NTP.

Får denne presiseringa noko å seie for Vestland fylke og våre prosjekt? I så fall, kva?»

Fylkesordførar gir slikt svar:

Presiseringa vil så langt vi kjenner i dag ikkje ha nokon betydning for dei fiskerihamnene som er overført til Vestland fylkeskommune. Aktuelle prosjekt i Langevåg i Bømlo kommune og Kalvåg i Bremanger kommune er ikkje knytt til sikring av farleia og er ikkje påverka av vedtaket.

For detaljar, sjå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-6---havne--og-farvannsloven--6--ansvar-for-utbedringer-i-farvannet/id2767314/>

SI 12/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - ny tenstepensjonsordning og budsjettframlegget

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

«Med grunnlag i oppslag i kommunal-rapport.no den 3.11., 6.11. og 9.11.2020 ynskjer eg å stille fylgjande spørsmål på møte i finansutvalet i Vestland fylkeskommune:

1. Kvifor har Vestland fylkeskommune avvist klaga frå KLP på kontraktstildelinga?
2. Kva er grunnlaget for ikkje å gje KLP innsyn i saksdokumenta og avgjerda/vedtaket i fylkestinget den 29.september 2020?
3. Stemmer det at «alternativ avkastning på egenkapital» vart sett etter tilbudsfristen?
4. Korleis vil den frigjorte eigenkapitalen på om lag 128 mill kr frå KLP verte forvalta i 2021, og kva for avkastning vert forventa utifrå gjeldande finansreglement?
5. Er det forventa avkastning som oppgitt i siste avsnitt side 12 i saka om tenestepensjon til fylkestinget som er lagt til grunn i budsjettet for Vestland fylke for 2021, eller er det forventa avkastning som låg til grunn i anbudsutrekninga av «kostnad egenkapital i KLP» som ligg til grunn i budsjettet for 2021.
 - a. Viss det ikkje er det som låg til grunn i anbudsutrekninga som ligg til grunn i budsjettet, korleis kan ein da forsvare å nytte denne utrekninga ved tildeling av avtale om tenestepensjon?

6. Avtala om tenestepensjon med KLP går ut 31.12.20. Kva gjer fylkeskommunen etter den datoen om kontrakt med Storebrand ikkje er ordna innan den datoen?
7. Er det offentleg kva for parti som stemte kva i saka om tenestepensjon?
 - a. Kva er eventuell heimel for å unnta stemmegiving frå offentlegheita?»

Fylkesordfører gir slikt svar:

Fylkestinget vedtok 29. september, sak 115/20 Tenestepensjon frå 2021 - tildeling av kontrakt, å tildele Storebrand kontrakt om forvaltning av tenestepensjonsordninga frå 2021. Vedtaket vart gjort mot 6 røyster (SV og R).

Protokoll frå fylkestinget si handsaming av saka er offentleg tilgjengeleg, og er del av møteboka som er å finne på fylkeskommunen sine nettsider.

KLP, som har kontrakt med Vestland fylkeskommune, har kravd mellombels åtgjerd for å stoppe signering av kontrakten med Storebrand. Kravet frå KLP vert handsama av Oslo byfogdembete tidleg i desember.

I og med at kravet om mellombels åtgjerd frå KLP omhandlar fleire av spørsmåla frå representanten, kan ikkje fylkesrådmannen gå konkret inn på desse, men kan kommentere nokre av spørsmåla.

Vestland fylkeskommune har avvist KLP si klage ettersom ein ikkje kan sjå at det føreligg brot på regelverket om offentlege anskaffingar.

Saka var unnateke offentleggjering ved handsaming i dei politiske utvala. Bakgrunnen var at det i saka kom fram informasjon av forretningsmessig karakter som dei ulike tilbudsgjevarane ikkje skal kjenne til. På vanleg måte er vedtaket i saka offentleg.

Spørsmåla 3, 4 og 5 ovanfor vil kome opp som del av handsaminga av KLP sitt krav om mellombels åtgjerd. Fylkesrådmannen kan opplyse at forventa årleg innsparing ved overgang til Storebrand er innarbeidd i det administrative innsparingsprogrammet som er lagt til grunn i budsjettsalderinga. Som det går fram av arbeidsdokument 6/20 har ein også trekt ut årlege innskot til eigenkapital hos KLP frå investeringsbudsjettet. I kommande økonomiplanperiode ville desse innskota vore i storleiken 8,5 mill. kr pr. år, totalt 34 mill. kr i perioden.

Utover dette finn ikkje fylkesrådmannen det rett å gå inn på moment som vert ein del av den rettslege handsaminga av den mellombelse åtgjerda i Oslo byfogdembete.

Den mellombelse åtgjerda medfører at det vil ta noko tid før ein kan gå vidare med kontraktstildelinga til Storebrand i samsvar med vedtaket i fylkestinget. Med bakgrunn i dette er det søkt Pensjonskontoret om dispensasjon for flyttefristen som er fastsett til 1. desember 2020. Søknaden om utsett flyttefrist vert handsama av Pensjonskontoret 19. november 2020. Vidare er KLP orientert om søknaden om utsett flyttefrist og har stilt seg positive til mellombels og kortvarig å vidareføre eksisterande avtale.

SI 13/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - billettkontrollører

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

«I arbeidsdokument står det: «Grunna sterk auke i snikandelen i 2020, som følgje av manglande kontrollverksemd frå starten av pandemien, er det behov for meir intensiv kontroll i 2021»

- Kva for grunnlag har ein for å hevde at det er «sterk auke i snikandelen»?
- Eg vil vise til leiaren i Bergensavisen 14. oktober med tittelen: «Skyss har svært ærlige og trofaste kunder» <https://www.ba.no/skyss-har-svart-arlige-og-trofaste-kunder/o/5-8-1434365?session=45e1d29b-0522-41cc-b49c-3265b8e19a83&access=granted> og lurar på korlei ein veit at dette skyldes «snik» og ikkje at folk ikkje har fått lov til å løyse billett, fornye periodekort hjå sjåfør, eller nytte skysskort som var dei betalingsmetodane som var moglege før coronapandemien?

- Og korleis veit ein at denne sterke auken vert henta best inn gjennom fleire kontrollørar, og ikkje betre og meir brukarvennlege betalingsformar?

I dokumentet står det at meirkostnaden på 6 mill i høve budsjett for 2020 får ein inn igjen gjennom tilleggskontroll ved kontroll. I tillegg står det at ein kan forvente 8-9 mill i meirinntekt på årsbasis ved å redusere snikprosenten med 1%.

- 2020 har vore eit unntaksår. Ein legg til grunn null auke i passasjerinntekter som følgje av coronapandemien, likevel meiner ein at det er grunnlag for å få inn 8-9 mill i meirinntekt med fleire kontrollørar. Sidan 2021 vert planlagt som eit unormalt år når det kjem til passasjerprognosar i kollektivtrafikken, kvifor legg ein til grunn normal inntekt på billettkontrollane?
- Meirkostnaden på 6 mill vert argumentert med at ein får igjen gjennom tilleggskontroll. Kvifor er dette da ei utgift i budsjettet som må verte saldert frå anna hold?»

Fylkesordførar gir slikt svar:

I samband med budsjetthandsaminga for 2016, bad Hordaland fylkesting fylkesrådmannen i samarbeid med Skyss om å etablere eit eige prosjekt for å redusere snikprosenten i kollektivtransporten i fylket. Fylkesrådmannen la fram framlegg til rammer for prosjektet (sjå FTING PS77/2016). Fylkestinget gjorde 5. oktober 2016 følgjande vedtak (utdrag) :

- Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten i tråd med dei framlagte rammene for prosjektet
- Fylkestinget ber om sak der ein ser på ulike modellar for kontroll av kollektivreisande, som bruk av eigne kontrollørar og kostnader knytt til det

Med bakgrunn i ovannemnde la fylkesrådmannen fram ei ny sak i 2017 (sjå FTING PS44 /2017). I denne saka vert status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» presentert. Fylkestinget gjorde 14. juni følgjande vedtak (utdrag):


- Fylkestinget tar status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» til orientering.
- Noverande modell for billettkontrollar vert vidareført

Resultat

Prosjektet med å redusere snik medførte ein auke i talet på kontrollar og meir målretta kontrollar. I tillegg medførte prosjektet at ein innførte tellekontroll. Tellekontrollar kan være betre eigna til å berekna reell snikprosent enn vanlege om bord-kontrollar. Dette gjeld spesielt for buss og bane:

- Berre avvikstype «manglande billett» blir nytta til å berekna betalingsavvik. Andre typar avvik (til dømes manglande tilleggsbevis og for seint kjøpt billett) er logga, men ikkje vekt og analysert
- Normale om bord-kontrollar blir gjennomførte medan køyretøyet er i normal drift og dørene blir opna undervegs. Reisande utan gyldig billett kan då komma seg av før dei rekk å bli kontrollerte
- I lukka kontrollar blir det sikra at alle om bord faktisk blir kontrollerte.

Vedlagt finn ein presentasjon av resultatata frå tellekontroll 2018/2019. Denne viser at målretta kontroll bidrar til å redusere snik. I juni 2018 var snik del 12%, medan i august 2019 var delen redusert til 6%.



Om 2020:

I juni 2020 gjennomførte vi ny tellekontroll som viste at 27% av passasjerane ikkje hadde gyldig billett. Berre 3,52 % gav opp at dei ikkje klarte å kjøpa billett på grunn av Covid-19 restriksjonar. Dette kjem nok av at Skyss billett appen er svært utbreidd, lett tilgjengeleg og enkel å bruka. Skyss billett appen står for om lag 85-90% av billettsalet per dato.

Føresetnadar i budsjett 2021 er ei takstauke i billettpris på 2,5% for buss og bane. (Det same gjeld for båt og ferje). Tall passasjerar er lik i budsjett 2021 som i 2020. (Til samanlikning var passasjerauke i budsjett på 3,5% mellom 2019 og 2020).

I juni 2020 gjennomførte vi tellekontroll som viste at 27% passasjerane ikkje hadde gyldig billett. Om me kan redusere den relative del med eit prosentpoeng per år, vil våre årlege billettinntekter auke med om lag kr. 8-9 millionar, berekning med utgangspunkt i budsjettføresetnad.

I budsjett er det i det store lagt opp til at kostnadar knytt til billettkontrollar er finansiert gjennom inntektsgebyra (ikkje saldert frå anna hold). Det er sjølvge auke i betalende passasjerar (reduksjon ikkje betalende) som kan gje oss ein meirinntekt gitt desse tiltaka.

SI 14/20 Spørsmål frå Bjørkly (H) - spørsmål til andre løyvinger i budsjettdokumentet

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

«På side 52 i budsjettdokumentet er det satt av 29.336.000 til andre løyvinger. Kan fylkesrådmannen spesifisere postene under denne løyvinga?»

Fylkesordfører gir slikt svar:

Andre løyvingar, kr 29 336 000, omfattar:

| | |
|---------------------------------|------------|
| Diverse tilskot (Pitstop) | 600 000 |
| Tilskot til Elevorganisasjonar | 186 000 |
| Grunnskuleopplæring (barnevern) | 28 550 000 |

Politiske saker

PS 12/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20

Forslag til innstilling

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med disse endringane:

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.11.2020

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag:

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

| Tiltak | Meirutg./mindreinni. | Meirinnt./mindreutg |
|-----------------------------------|----------------------|---------------------|
| Ferjekompensasjon | 55000000 | |
| Skule-fond | 15000000 | |
| Miljøkoordinatorar | 13000000 | |
| TAF/YSK | 2000000 | |
| Toppidrett | 600000 | |
| Sommarskule/leksehjelp | 1100000 | |
| Ladestasjon langs fylkesvei | 2000000 | |
| innfartsparkering | 6000000 | |
| KODE | 1100000 | |
| Reklame buss/ferge | | 20000000 |
| Administrativt innsparingsprogram | | 25000000 |
| Sjølvsprofilering, halvårsverknad | | 7700000 |
| Utsetje merking av bussar | | 5000000 |
| Skulepsykologar | | 2900000 |
| Vaksine | | 2100000 |
| Skulefrukost | | 10000000 |
| Elev-PC, eigenandel | | 1900000 |

| | | |
|---|----------|----------|
| Oppfylling av klassar | | 5000000 |
| Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek | | 1200000 |
| Disposisjonsfond | | 15000000 |
| | | |
| Total | 95800000 | 95800000 |
| | | |

Tilleggsframlegg investeringar fylkesvegar:

Tal i 1000 kr.

| | | | |
|--------------------------------|---------|---------|---------|
| Prosjekt: Svelgen-Indrehus | | | |
| Totalt 2021-2024: 1 450 000 | | | |
| 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
| 10 000 | 500 000 | 500 000 | 440 000 |
| | | | |
| Finansiert med lån. | | | |

| | | | |
|---|---------|---------|---------|
| Prosjekt: Atløysambandet | | | |
| Totalt 2021-2024: 1 000 000 | | | |
| 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
| 10 000 | 330 000 | 330 000 | 330 000 |
| | | | |
| Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga. | | | |

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje budsjettert med auka inntekt frå fergekompensasjonsordninga på 55 mill kr før evt. Stortinget har vedtatt dette. Avsetting til disposisjonsfond vert redusert med 55 mill kr i 2021.

2. På område for Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer Finansutvalet følgjande prioriteringar;

Udisponert A-dok 6/20 kr 89,8 mill (ligg på Veg - drift og vedlikehald)

Bruk av diesel i staden for biodiesel buss kr 23,5 mill

Utsette omprofilering Kringom kr 7 mill

Sum disponibel kr 120,3 mill

Kollektiv

Ikkje fjerne takstkompensasjon for ungdomskort i kommersielle ruter kr 15 mill

Ikkje takstauke buss og bane med 1% prisstigning kr 10 mill

Ikkje fjerne arbeidskjøring innan TT-ordninga kr 3 mill

Sum kr 28 mill

Infrastruktur og veg

Ingen innsparingstiltak blir gjennomført, ref. tabell s 77 vedlegg A-dok 6/20 kr 71,8 mill

Ytterlegare auke i dekkelegging veg kr 20,5 mill

Sum kr 92,3 mill

3. Udisponert Hovedutval kultur, idrett og integrering (KULI) på kr 2,6 mill vert sett av til Tilskot U23 EM friidrett i Bergen 2021.

4. Udisponert Hovedutval for næring kr 2,4 mill vert sett av til Prosjekt Marin satsing.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningmidlar i byveksttalen

Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere med 2,0 %

Budsjett : takstar i 2021 på buss og bane

Kostnad : 20 MNOK

Gratis innfartsparkering : 6 MNOK

Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK

Ikkje båtturistrute til Flåm sommaren 2021 : 3,0 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.

Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet, Kvinnheradpakken og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna

Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)

Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023).»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, V, Krf og SV fram slikt forslag:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill

KULI 2,6 mill

Næring 2,4 mill

Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

| | |
|---|-----|
| Kollektiv | |
| | |
| Takstauke 1% over prisvekst | 8 |
| Fryse enkeltbillett på 39 kr. | 6 |
| Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland | 16 |
| Red frekvens buss/bane Bergensomr | 2 |
| Takstauke 1 bybanen | 2 |
| Kutt billettkontroll | -6 |
| Innfartsparkering | 6 |
| SUM | 34 |
| | |
| Veg og infrastruktur | |
| | |
| Red trygg skuleveg | 5 |
| Red tilskotsordn | 3,5 |

| | |
|-----------------------|------|
| Ymse FTU | 1,5 |
| Red rydding ras/flaum | 15 |
| Steng rastep/toalett | 1 |
| Driftskontrakter | -3 |
| Dekkelegging | 31,9 |
| KS2 Atløysambandet | 1 |
| SUM | 55,8 |
| | |
| SUM SAMMO | 89,9 |

KULI:

| Kultur | | Løyvingsnivå |
|--|-----------|---|
| U23 EM | 2 000 000 | Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid |
| Museumsløft 2021 | 600 000 | Kulturarv: Museum |
| Stipend (kunst) | 100 000 | Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon |
| Kulturelt utviklingsprogram | 300 000 | Kunst og kulturutvikling |
| Det Akademiske Kvarter | 100 000 | Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus |
| Tilskotb b/u-organisasjoner | 100 000 | Ymse b/u-føremål |
| Inkludering og mangfald - prosjektstøtte | 200 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Stiftelsen Robin Hood-huset | 100 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Ettertankens dag | 50 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Pilegrimssenter (Selja og Bergen) | 300 000 | Ålmenne kulturvernføremål |
| Modellbibliotek | 200 000 | Biblioteksutvikling |
| Idrettscampus Bergen | 500 000 | Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid |
| | | |
| SUM KULI | 4 550 000 | |

Næring:

| | |
|---------------------------|-----|
| Næring (tall i mill. kr.) | |
| | |
| Læreplassgaranti | 1,4 |
| Kompetanseheving fiskeri | 1 |

| | |
|-------------------------------|-----|
| Oppfylging av plaststrategien | 1 |
| SUM Næring | 3,4 |

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| <u>Post</u> | <u>2021</u> | <u>2022</u> | <u>2023</u> | <u>2024</u> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Fv. 614 Svelgen - Indrehus | | | 5 | 45 |
| Fv. 565 Alversund bru | | | | 10 |
| Mindre utbedringar | 21,1 | | | |
| Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta | -21,1 | | | |
| Ferjeavløysing - Atløysambandet | 1 | | | |
| <u>Finansiering</u> | | | | |
| Driftsmidlar til investering (tunnel) | | 10 | 20 | 30 |

Verbalforslag:

| | |
|---|--|
| 1 | <p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i>• <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i> |
| 2 | <p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p> |
| 3 | <p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none">• organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar• fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar• organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansemiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise»)• område med potensiale for digitalisering.• det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p> |
| 4 | <p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p> |
| 5 | <p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane,</p> <p>vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p> |

| | |
|----|---|
| 6 | Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland. |
| 7 | Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd. |
| 8 | Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylling av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet. Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingsnivå. |
| 9 | Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavgifta der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg. |
| 10 | Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft. |
| 11 | Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka. |
| 12 | Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiare deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga. |
| 13 | Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken. |
| 14 | Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet |

| | |
|----|---|
| | med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2. |
| 15 | Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen. |
| 16 | Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune. |

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Frp, H og U).

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og U) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og U) og fall.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill

KULI 2,6 mill

Næring 2,4 mill

Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

| | |
|-------------------------------|---|
| Kollektiv | |
| | |
| Takstauke 1% over prisvekst | 8 |
| Fryse enkeltbillett på 39 kr. | 6 |

| | |
|--|------|
| Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland | 16 |
| Red frekvens buss/bane Bergensomr | 2 |
| Takstauke 1 bybanen | 2 |
| Kutt billettkontroll | -6 |
| Innfartsparkering | 6 |
| SUM | 34 |
| | |
| Veg og infrastruktur | |
| | |
| Red trygg skuleveg | 5 |
| Red tilskotsordn | 3,5 |
| Ymse FTU | 1,5 |
| Red rydding ras/flaum | 15 |
| Steng rastep/toalett | 1 |
| Driftskontrakter | -3 |
| Dekkelegging | 31,9 |
| KS2 Atløysambandet | 1 |
| SUM | 55,8 |
| | |
| SUM SAMMO | 89,9 |

KULI:

| Kultur | | Løyvingsnivå |
|--|-----------|---|
| U23 EM | 2 000 000 | Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid |
| Museumsløft 2021 | 600 000 | Kulturarv: Museum |
| Stipend (kunst) | 100 000 | Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon |
| Kulturelt utviklingsprogram | 300 000 | Kunst og kulturutvikling |
| Det Akademiske Kvarter | 100 000 | Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus |
| Tilskot b/u-organisasjoner | 100 000 | Ymse b/u-føremål |
| Inkludering og mangfald - prosjektstøtte | 200 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Stiftelsen Robin Hood-huset | 100 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Ettertankens dag | 50 000 | Inkludering, strategi og analyse |
| Pilegrimssenter (Selja og Bergen) | 300 000 | Ålmenne kulturvernføremål |
| Modellbibliotek | 200 000 | Biblioteksutvikling |
| Idrettscampus Bergen | 500 000 | Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid |
| | | |
| SUM KULI | 4 550 000 | |

Næring:

| Næring (tall i mill. kr.) | |
|-------------------------------|-----|
| | |
| Læreplassgaranti | 1,4 |
| Kompetanseheving fiskeri | 1 |
| Oppfylling av plaststrategien | 1 |
| SUM Næring | 3,4 |

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| Post | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|----------------------------|------|------|------|------|
| Fv. 614 Svelgen - Indrehus | | | 5 | 45 |
| Fv. 565 Alversund bru | | | | 10 |
| Mindre utbedringar | 21,1 | | | |

| | | | | |
|---|-------|----|----|----|
| Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta | -21,1 | | | |
| Ferjeavløysing - Atløysambandet | 1 | | | |
| <u>Finansiering</u> | | | | |
| Driftsmidlar til investering (tunnel) | | 10 | 20 | 30 |

Verbalforslag:

| | |
|---|---|
| 1 | <p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i>• <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i> |
| 2 | <p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p> |
| 3 | <p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none">• organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar• fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar• organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansmiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise»)• område med potensiale for digitalisering.• det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p> |
| 4 | <p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p> |
| 5 | <p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane,</p> <p>vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p> |

| | |
|----|---|
| 6 | Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland. |
| 7 | Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd. |
| 8 | Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylling av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet. Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingsnivå. |
| 9 | Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg. |
| 10 | Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft. |
| 11 | Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka. |
| 12 | Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiare deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga. |
| 13 | Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken. |
| 14 | Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet |

| | |
|----|--|
| | <p>med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retnignslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2.</p> |
| 15 | <p>Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.</p> |
| 16 | <p>Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.</p> |